


Per(pleks) Soldal



Teken på senga: Per Soldal (i midten) trudde han skulle saga ein tømmerstokk. Han ana ikkje at gamle kollegaer gøynde seg bak saga, klare til å heidra han på 70-årsdagen.



Å fylla 70 kort tid etter at ein har gått av med pensjon, kan by på overraskningar. Det fekk Per Soldal oppleva måndag ettermiddag.

BÅRD VALVATNE

I meir enn 20 år har Per Soldal arbeidd i Lid jarnindustri AS i Steinsdalen. Tidlegare i sommar gjekk han av med pensjon. I samanhend med at han tysdag fylte 70 år, bestemde dei gamle kollegaane seg for å overraska han med eit selskap.

Soldal driv ei sag i Haukel. Der trivst han og der brukar han mykje tid. Difor fann dei ut at det

var rette plassen for å overraska jubilanten. Kaker vart baka, kaffi koka og bord og stolar sette fram.

Likande kar

Sjølv om heile bedrifta stod bak stundet, hadde Svein Hovland og Asbjørn Markhus hovudansvaret. Hovland organiserte det som skjedde ved saga, medan Markhus skulle lokka Soldal til saga utan at han ana uråd.

– Eg drog opp til Per og sa at eg hadde ein stokk nede på saga som han måtte koma og saga for meg. Han sa ja med ein gong, og var så ivrig at eg måtte halda han att for at han ikkje skulle koma for tidleg, fortel Markhus.

Då tida var inne, sette dei seg i bilen og køyrd ned til saga. Der stod kollegaene gøynde bak saga, klare til å hoppa fram. Bilane deira var ikkje like lette å gøyma, men Markus hadde forklaringa klar.

– Eg sa at turlaget var ute på tur, og at dei hadde parkert bilane sine her. Den forklaringa verka det som Per kjøpte, fortel Markhus.

Kvifor gjør de dette?

– Per har vore ein likande kollega i alle år. Triveleg å samarbeida med og alltid lett å be. Han fortener denne merksemda frå gamle

kollegaer når han fyller 70, seier Markhus.

Rørd jubilant

Det meste av arbeidsstokken til Lid jarnindustri hadde funne vegen til saga for å heidra 70-åringen. Det var liten tvil om at jubilanten vart teken på senga.

– Eg ana ingenting. Eg trudde eg skulle ned her for å saga ein tømmerstokk. Då Asbjørn sa at bilane stod ved saga fordi turlaget var på tur, trudde eg han. Då eg såg alle som stod inne ved saga, lurde eg på kva turlaget gjorde der. Først då eg såg at alle som stod der, var gamle kollegaer, ana eg at noko var på gang, fortel Soldal.

Då det verste sjokket hadde lagt seg, måtte Soldal innromma at han sette pris på overraskinga.

– Så godt som heile bedrifta har møtt opp. Då føler eg at kollegaene har sett pris på meg. Hadde dei ikkje det, hadde dei ikkje komme alle saman, seier Soldal.

valvatne@hf.no

Noko å bita i: Etter at sjokket hadde lagt seg, vanka det kaffi og kaker.